



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ludvigsen, Rita	Arkivkode: FA - B20
Arkivsaksnr: 09/302	Løpenr: 17/9937
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2017	046/2017

Vurdering av organisering av PPT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordninga med kjøp av pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) frå Vaksdal kommune vert avslutta frå og med 2018. Det vert i staden oppretta 100% stilling som PP-rådgjevar/spesialpedagog i Samnanger kommune. Denne stillinga skal jobba systemretta, delta i opplæringsfaglege møte samt driva med sakkunnig vurdering av barn, unge og vaksne i henhold til § 19c i barnehagelova og §5-6 i opplæringslova. Stillinga vert finansiert ved å omdisponera midlar som i dag vert brukt til kjøp av PP-tenester frå Vaksdal kommune.

16.11.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kommunerepresentantane diskuterte saka, og Olaug Øystese (A) bad om eit gruppemøte.

Etter gruppemøte sette Olaug Øystese (A) fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert utsett. Kommunestyret krev meir utredning frå berørte partar som barnehage /skule og partane i arbeidslivet. Samt utredning av dei økonomiske konsekvensane av saka.

Rådmann Charlotte Hageberg fortalte om administrasjonen sine vurderingar og om arbeidet som er gjort.

Kommunestyret røysta over utsettjingsframlegget frå Øystese og rådmannen sitt framlegg kvar for seg.

Resultatet etter at kommunestyret hadde røysta over framlegget til vedtak frå Olaug Øystese (A) vart som følgjer:

For framlegget frå Øystese	Imot framlegget frå Øystese
Nils Aadland (A)	Gunnar Bruvik (Frp)
Bright Olav Gåsdal (A)	Svein Verner Røseth (Frp)
Vidar Tveiterås (A)	Karl B. Kollbotn (Frp)
Olaug Øystese (A)	Gunn Totland Moss (Krf)
Harald Boge (A)	Bjarte Linga (Bl)
Øyvind Strømmen (MDG)	Lena Tveit (Bl)
Inge Aasgaard (Krf)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Arild Røen (H)	Martin Haugen (Bl)
Sture Tveit (H)	Solveig Vassenden (Bl)
Ingvild R. Bogevik (Frp)	Øyvind Røen (Sp)
	Monica Tjønnna (Sp)
Totalt: 10 røyster	Totalt: 11 røyster

Det vart så røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Resultatet vart då som følgjer:

For framlegget frå rådmannen	Imot framlegget frå rådmannen
Gunnar Bruvik (Frp)	Nils Aadland (A)
Svein Verner Røseth (Frp)	Bright Olav Gåsdal (A)
Karl B. Kollbotn (Frp)	Vidar Tveiterås (A)
Gunn Totland Moss (Krf)	Olaug Øystese (A)
Bjarte Linga (Bl)	Harald Boge (A)
Lena Tveit (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Martin Haugen (Bl)	Arild Røen (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Sture Tveit (H)
Øyvind Røen (Sp)	Ingvild R. Bogevik (Frp)
Monica Tjønnna (Sp)	
Totalt: 11 røyster	Totalt: 10 røyster

Framlegget frå rådmannen vart vedteke med 11 mot 10 røyster.

Representanten Øyvind Strømmen ønskte å få med følgjande protokollmerknad:
Øyvind Strømmen (MDG) meiner saka er for dårleg opplyst, og meiner at det burde ha vore med uttaler frå skular, barnehagar og andre berørte partar, som til dømes FAU.

KS- 046/2017 Vedtak:

Ordninga med kjøp av pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) frå Vaksdal kommune vert avslutta frå og med 2018. Det vert i staden oppretta 100% stilling som PP-rådgjevar/spesialpedagog i Samnanger kommune. Denne stillinga skal jobba systemretta, delta i opplæringsfaglege møte samt driva med sakkunnig vurdering av barn, unge og vaksne i henhold til § 19c i barnehagelova og §5-6 i opplæringslova. Stillinga vert finansiert ved å

omdisponera midlar som i dag vert brukt til kjøp av PP-tenester frå Vaksdal kommune.

Kva saka gjeld:

Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha pedagogisk-psykologisk teneste. PP-tenesta kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller fylkeskommunar. Tenesta er heimla i barnehagelova §19c og i opplæringslova §5-6.

Samnanger kommune inngjekk 01.01.12 ein avtale om kjøp av PP-teneste hos Vaksdal kommune. Denne avtalen gjaldt fram til 31.12.16, men er i praksis vidareført til å gjelda òg i 2017. I denne avtalen går det fram at det er oppgåvene og ikkje ansvaret som er delegert. Dette samarbeidet inneber at Samnanger kommune ber 33 % av kostnadane av kontoret i Vaksdal. Dette året vil det seie om lag kr. 1.050.000. Denne summen vil kunne dekke tilsetjing av ein person i 100% stilling, med kontorstad i Samnanger. Ei slik ordning med eiga PP-teneste i Samnanger vil kunna gje eit betre tilbod til dei i kommunen som har trong for tenesta. PPT vil kunna vera tettare på elevane og skulane, og vil kunna behandla saker på kortare tid enn det som no er tilfelle.

Rådmannskontoret har vore i kontakt med Vaksdal PPT, og me forstår det slik at det ikkje vil medføra problem for dei om Samnanger trekk seg ut av den noverande ordninga.

Sjølv om den noverande ordninga vert avslutta, vil Samnanger framleis ha moglegheit til å kjøpa tenester frå Vaksdal PPT i enkelte tilfelle. Dette kan for eksempel gjelda i saker der det er behov for spesiell kartleggingskompetanse.

Vurderingar og konsekvensar:

PPT skal hjelpe skulane i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. PP-tenesta skal sørge for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Rådmannen ønskjer å sjå denne stillinga i samanheng med at kommunen òg lyser ut stilling som psykolog. På den måten kan ein få eit breiare tilbod til barn unge og vaksne og eit breiare fagmiljø med mellom anna PP-rådgjevar, psykolog, helsesøster og legeteneste. PPT vil naturleg liggja til sektor for oppvekst.

I rådmannen sitt budsjettframlegg for 2018 er det lagt til grunn at det vert oppretta stilling som PP-rådgjevar i Samnanger i 2018, og at utgiftene for denne stillinga vert lågare enn noverande utgifter til kjøp av PP-tenester frå Vaksdal kommune (forventa årleg innsparing er i størrelsesorden 250.000 – 280.000 kroner). Denne innsparinga er lagt inn i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2018.

Uttale frå sektorleiar helse og omsorg til sak om PPT:

Bakgrunn for utlysing av psykologstilling:

Helsedirektoratet har fokus på å tilsetja psykologar i kommunane. I samband med det har dei lyst ut tilskot. Tilskotet er signalisert å vare fram til 2020 og lovkrav om psykologar i kommunen trer i kraft frå 01.01.2020.

Samnanger kommune søkte på midlar i 2016 og fekk tilskot til å lyse etter 60% psykolog.

Målet for Helsedirektoratet er:

Styrka kvalitet og kompetanse i det heilskapelege og tverrfaglege kommunale arbeidet innan både psykisk helse og rus, vold- og traumefeltet.

Delmål:

Bidra til å rekruttera psykologar og at kommunen ut frå lokale omsyn nyttar kompetanse

- I større grad til meir system- og samfunnsretta arbeid. Plan- og utviklingsarbeid, rettleiing og fagstøtte til personell/tenester inngår i arbeidet.*
- I større grad til helsefremjande og førebyggjande arbeid retta mot individ, grupper og lokalmiljø.*
- Til låg terskel behandling- og oppfølgingstilbod til enkeltpersonar, familiar, pårørande og grupper, her under utredning og diagnostisering*
- Til utadretta arbeid, der psykologen inngår i forpliktande tverrfagleg og/eller fleirfagleg samarbeid, td gjennom organisering i team eller sam lokalisering med anna personale/tenester.*

Samnanger kommune lyste ut etter psykolog i 60% i 2016 utan å få kvalifiserte søkjarar.

Me søkte om auka tilskot i 2017 og fekk lysa ut 100% stilling. Her fekk me 2 godt kvalifiserte søkjarar og ein psykolog fekk tilbod om arbeid, men takka diverre av ulike årsaker nei.

Ei utfordring som kom tydeleg fram i dialog og intervju var behov for eit fagleg fellesskap ikkje berre ut mot helsesøster, skule, lege, psykiatrisk spl mf, men i det daglege å ha nokon å arbeide tett i lag med. I større kommunar har dei større fagmiljø.

Me må leggje til rette for at det er attraktivt å arbeide som psykolog i Samnanger kommune og tilrår eit samarbeid med spesialpedagog og at oppgåvene som vert utført av PPT vert handtert i eigen kommune.

Me av ventar no ny utlysing og håpar på ei utlysing der me kan tilby eit fagleg miljø i kvardagen.

Grete Lill Hjartnes

Sektorleiar Helse og omsorg.

Med utgangspunkt i denne erfaringa er det grunnlag for å tru at òg ein spesialpedagog i PP-tenesta vil ha trong for eit breiare fagmiljø i det daglege arbeidet. Med denne organiseringa kan ein vera tett på born og unge, og ha moglegheit for å kunne jobba med elevane sitt skulemiljø, som no har stort fokus i samband med gjennomføring av nytt Kap. 9A i opplæringslova, der alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø, med nulltoleranse for mobbing. Det vil difor vera gunstig for både tenesteytarar og tenestemottakarar å kunna få til desse tenestene lokalt i Samnanger